

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 11.06.14

Vår ref. 609/14/BSI/8.4

Dykkar ref.: 13/6802

Fiskeridirektoratet region Vest
Postboks 185, Sentrum
5804 Bergen

Att: Kari Morvik

e-mail

TILSKUDD TIL FISKERIHAMNEUTBYGGING.

Viser til Dykkar brev av 05.06.14 vedkomande ovannemnde sak.

Til orientering har Fiskarlaget Vest kun vurdert prosjekta i Hordaland (Austevoll og Sund).

Fiskarlaget Vest finn ikkje å ville prioritere mellom søknadene av di ein meiner at begge er viktige for fiskerinæringa i området.

Ein må jobbe for at rammene til slik infrastrukturutbygging blir heva, for infrastrukturen for sjørelatert verksemd er like viktig som for landbasert verksemd.

God infrastruktur er viktig i alle samanhengar. Det er også viktig i høve å tiltrekke seg verksemder til Hordaland.

Fiskarlaget Vest viser til «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014» der fylkesordførar Tom-Christer Nilsen skriv under «Saman om verdiskaping» m.a.:

«Tilgang på næringsareal og gode transportløysingar er viktige for vidare vekst og etableringar, og det er avgjerande å få på plass gode løysingar i bergensregionen, og mellom Bergen og dei andre bu- og arbeidsmarknadsregionane. Dette vil gjera heile fylket vårt meir attraktivt for næringsutvikling.»



Når det gjeld søknaden ved Salthella i Austevoll er det i eit område der ein skal foreta ei storstilt moloutbygging.

Molutbygginga er med på å gjere at området blir meir attraktivt i høve etablering av sjørelaterte verksemder, og dermed ei service- og liggjehamn for fiskeflåten.

Når det gjeld liggjeplass er det kanskje i hovudsak den større flåten det er snakk om.

Når det gjeld søknaden i Porsvika i Sund vil det i hovudsak dekkje eit behov for liggje-/ servicehamn for kystflåten.

Eit slikt tilbod vil òg kunne vere med på å auke mengda fisk til fiskemottaket i hamna.

Fiskarlaget Vest meiner at det er svært viktig at dei lokale fiskemottaka blir oppretthalde om ein fortsatt skal kunne ha ein kystflåte i vårt område. Det gjeld spesielt for den minste kystflåten.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Austevoll Fiskarlag
Øygarden og Sotra Fiskarlag
Austevoll kommune
Sund kommune
Hordaland Fylkeskommune
Kystverket